



Aleksander Hjelmtveit
Seimsleitet 39A
5912 SEIM

Referanser:
Dykkar:
Vår: 19/3281 - 19/36043

Saksbehandlar:
Øystein Hafnor Kolstad
oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Dato:
04.12.2019

Landbrukssak Gbnr 171/5 Seim - Varsel om dokumentkontroll

Varsel om dokumentkontroll etter søknad om produksjonstilskot i jordbruket 2019 for føretaket 917700575 Aleksander Hjelmtveit

Lindås kommune v/landbrukskontoret viser til føretaket 917700575 sin søknad om produksjonstilskot i jordbruket for 2019.

I følge § 10 i Forskrift om produksjonstilskot, skal kommunen kontrollere at utbetaling av produksjonstilskot til aktuelle føretak er korrekt. Føremålet er å sikre at opplysningane i søknaden dannar rett grunnlag for utrekning av tilskot, og at tilskotet vert nytta til aktiv jordbruksproduksjon.

Rundskriv 2018-31, punkt 5, seier at minst 10 % av søkjarane i kommunen skal kontrollerast kvart år.

Forvaltningslova § 15, gjev reglar for korleis kontrollen skal gjennomførast, **og vi melder med dette at føretaket ditt er valt ut til kontroll etter gjeldande søknadsomgang.** Kontrollen skal gjennomførast som dokumentkontroll.

Kontrollen vil omhandla:

- Dokumentkontroll av sau av bevaringsverdig rase med låst rasekode i sauekontrollen per 01.10.2019.

Bevaringsverdige rasar av sau; Det følgj av forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket av 19. desember 2014 at det kan gjevast tilskot for sau som er registrert med låst rasekode i Sauekontrollen på teljedato 1. oktober. Det følgj av jordbruksavtalen at det vert gjeve tilskot for sau fødd året før eller tidlegare. Rasane blæsa, dala, fuglestadbrogete, grå trønder, rygja og steigar er rekna for å vera bevaringsverdige.



Bed om at utskrift frå sauekontrollen med bevaringsverdig sau med låst rasekode frå vert sendt til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø eller på epost til postmottak@lindas.kommune.no innan onsdag 18. Desember 2019.

De har rett til å klage over avgjerda om å gjennomføre kontroll av føretaket sin søknad. Klagen kan vere munnleg eller skriftleg, men må fremjast straks, og seinast innan tre dagar frå de mottar varslinga. Det vert sett vekk frå helgedagar.

Ved spørsmål til kontrollen, kan de kontakte underteikna på oystein.hafnor.kolstad@lindas.kommune.no

Med helsing

Øystein Hafnor Kolstad
saksbehandlar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Aleksander Hjelmtveit

Seimsleitet 39A 5912

SEIM